

Regionalt bygdeutviklingsprogram for Vestland 2019-2022



Visjon:

Vestland - ein føregangsregion for nyskapande og berekraftig landbruk

Hovudmål:

Vidareutvikle ei innovativ og allsidig landbruksnæring i Vestland

Utarbeidd i samarbeid mellom Fylkesmannen i Vestland, Sogn og Fjordane bondelag, Hordaland bondelag, Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag, Hordaland bonde- og småbrukarlag, Vestskog, Innovasjon Norge i Vestland, KS Sogn og Fjordane, KS Hordaland, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune.

Innhald

1. Bakgrunn.....	3
2. Nasjonale føringar	3
3. Landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane	5
3.1 Del av nasjonal produksjon	5
3.2 Jordbruksareal	5
3.3 Skogbruk	6
3.4 Areal med frukt, bær og åkervekstar	6
3.6 Verdiskaping	8
4. Regionalt miljøprogram (RMP).....	9
Strategiar	10
5. Regionalt skog- og klimaprogram (RSK)	13
Nasjonale føringar	13
Hovudmål	13
Delmål.....	13
5.1 Rådgjeving og kompetanse	13
5.2 Infrastruktur	15
5.3 Framtidsskogen	16
5.4 Bruk av trevirke	17
6. Regionalt næringsprogram (RNP).....	18
6.1 Utfordringar.....	18
6.2 Hovudmål	20
6.3 Delmål, strategiar og indikatorar	20
6.3.1 Rekruttering og omdømme	20
6.3.2 Frukt, bær og grønt	21
6.3.3 Grovfôrproduksjon	21
6.3.4. Mjølkeproduksjon	22
6.3.5 Kjøttproduksjon	22
6.3.6 Inn på tunet	23
6.3.7 Lokal mat, drikke og landbruksbasert reiseliv	23
7. Oppfølging	24
8. Arbeidsgrupper.....	25
Styringsgruppa for regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU)	25
Referansegruppa for regionalt skog- og klimaprogram (RSK).....	25
Referansegruppa for regionalt miljøprogram (RMP)	25
Referansegruppa for RNP	26

1. Bakgrunn

Regjeringa og Stortinget har gjennom Jordbruksoppgjøret 2017 og Prop 141 S (2016-2017) gitt Fylkesmannen ansvar for å utarbeide regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU). Programmet skal bestå av regionalt næringsprogram (RNP), regionalt miljøprogram (RMP og regionalt skog- og klimaprogram (RSK).

2. Nasjonale føringar

Dette programmet skal følgje opp nasjonal landbrukspolitikk og innehalde regionale planar og verkemiddel for å fremme landbruksbasert næringsutvikling og målrette miljø- og klimaarbeidet. Det vert lagt til grunn at arbeidet tek utgangspunkt i sentrale landbrukspolitiske dokument som årlege jordbruksoppgjø, meldingar til Stortinget og relevante strategiar.

Desse dokumenta med tilhøyrande innstillingar frå næringskomiteen er særleg relevant for arbeidet:

- Melding til Stortinget nr 11 (2016-2017) *Endring og utvikling. En fremtidsrettet jordbruksproduksjon*
- Melding til Stortinget nr 6 (2016-2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring*
- Melding til Stortinget nr 31 (2014-2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål*
- Regjeringa sin bioøkonomistrategi. *Kjente ressursar - uante muligheter. 2016*
- *Opplevingar for ein kvar smak. Strategi for reiseliv basert på landbruket og reindrifta sine ressursar. 2017*

Målet er å styrke og samordne det regionale miljø-, klima- og næringsarbeidet. Dette skal bidra til mobilisering av lokale ressursar og auka verdiskaping og konkurransekraft for næringa. Det skal lagast ein samla overordna strategi som synleggjer potensielle synergjar mellom dei ulike programma.


Arbeidet skal skje i den regionale partnerskapen som består av fylkesmannen, fylkeskommunen, Innovasjon Norge og faglagane i landbruket. Andre aktørar kan også trekkast inn. Det vert lagt til grunna ei god kopling mot fylkeskommunane sine regionale planstrategiar, pågåande planarbeid og regionalt utviklingsarbeid.

Dette er den heilskaplege målstrukturen på landbruksområdet som er justert etter handsaming av Melding til Stortinget nr 11 (Kjelde: Prop. 1 S 2017-2018):

Matsikkerheit og beredskap	Landbruk over heile landet	Auka verdiskaping	Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar
<p>Sikre forbrukarane trygg mat</p> <p>Auka matvareberedskap</p> <p>God dyre- og plante-helse og god dyrevelferd</p> <p>Satse på avl, forskning og utdanning for å auke bruken av dei økologiske ressursane</p>	<p>Leggje til rette for bruk av jord- og beite-ressursane</p> <p>Moglegheiter for busetjing og sysselsetting</p> <p>Eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling</p> <p>Leggje til rette for rekruttering i heile landet</p> <p>Ei økologisk berekraftig reindrift</p>	<p>Utnytte marknads-baserte produksjonsmoglegheiter</p> <p>Ei konkurransedyktig og kostnadseffektiv verdikjede for mat</p> <p>Ein effektiv og lønsam utnytting av gardens samla ressursar</p> <p>Vidareutvikle Noreg som matnasjon</p> <p>Leggje til rette for bondens inntekts-moglegheiter og evne til å investere i garden</p> <p>Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder</p>	<p>Redusert ureining frå landbruket</p> <p>Reduserte utslepp av klimagassar, auka opptak av CO₂ og gode klimatilpassingar</p> <p>Berekraftig bruk og eit sterkt vern av landbruket sine areal og ressursgrunnlag</p> <p>Ta vare på kulturlandskapet og naturmangfaldet</p>

3. Landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane

3.1 Del av nasjonal produksjon




37 % av den nasjonale produksjonen av frukt og bær kom frå Vestland fylke i 2017. Vår andel var 50 % av epla, 58 % av plommene, 61 % av morellene og 65 % av bringebæra. For pærer stod vi for 97 %, men dette er ein svært liten produksjon med 174 tonn. Totalt produserte Vestland 9 000 tonn frukt og bær i 2017.




I 2017 produserte Vestland 17 % av lammekjøttet, 10 % av storfekjøttet og 3 % av grisekjøttet. På mjølkk er vi særleg store på geitemjølkk med 23 %. For kumjølkk vart 12 % produsert i Vestland fylke.

3.2 Jordbruksareal




Hordaland og Sogn og Fjordane har til saman 823 000 dekar jordbruksareal i aktiv drift. Av dette er 54 % fulldyrka, 9 % overflatedyrka og 37 % innmarksbeite. Sogn og Fjordane har litt større jordbruksareal enn Hordaland.

3.3 Skogbruk




Grana der det domineranse treslaget for skogbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane. Dei siste 10 åra har furu stått for 7 % av hogsten. Hordaland har hatt ein klart større hogst enn Sogn og Fjordane, og i 2017 var hogsten i Hordaland over dobbelt så stor som i Sogn og Fjordane.




Nyplanting av gran skjer primært som etablering av ny skog etter hogst. Det er såleis samsvar mellom hogst av tømmer og areal som er nyplanta med gran. Ein del hogstareal vert ikkje planta til med ny skog, sjølv om dette er eit krav i Skogbrukslova.

3.4 Areal med frukt, bær og åkervekstar




Hordaland er i særklasse størst på eple og plommer, medan Sogn og Fjordane er størst på jordbær og bringebær. I Hordaland er produksjonen lokalisert til Hardanger, medan Sogn og Fjordane har sin produksjon i Sogn og i Nordfjord.




Lærdal står for 74 % av arealet med andre vekstar i Sogn og Fjordane. Her er det 800 dekar potet, 330 dekar grønnsaker og 440 dekar andre grovfôrvekstar. I Hordaland er Voss den største kommunen med 70 dekar andre vekstar.

3.5 Kjøtt og mjølk



Vestlandet fylke produserte 17 500 tonn kjøtt i 2017. Dette står for 7 % av produksjonen for disse tre kjøttslaga. Produksjonen av storfekjøtt er størst, medan gris og lam er omtrent jamstore. Kjøttproduksjonen i Sogn og Fjordane er litt høgare enn Hordaland.




Produksjonen av kumjølkk i 2017 var 104 millionar liter i Sogn og Fjordane og 74 millionar liter i Hordaland. Kvotefyllinga var då 92,8 % for Sogn og Fjordane og 88,7 % for Hordaland. Av geitemjølkk vart det produsert 3,5 og 1,4 millionar liter i dei to fylka. Her er kvotefyllinga 98 % i Sogn og Fjordane og 110 % i Hordaland.

3.6 Verdiskaping


Nibio laga i 2015 **(ventar ny rapport)** to notat om verdiskaping frå landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane. Her har ein både sett på primærproduksjonen og på den landbaserte industrien som er basert på råstoff frå landbruket. Oppsummert kom dei fram til ei samla verdiskaping på 4,1 mrd.

Dette fordelte seg slik:

	Jordbruk	Skogbruk	Tilleggsnæringar	Landbruksbasert industri
Hordaland	797 mill kr	172 mill kr	133 mill kr	1251 mill kr
Sogn og Fjordane	885 mill kr	147 mill kr	133 mill kr	596 mill kr
SUM	1682 mill kr	319 mill kr	266 mill kr	1847 mill kr



Nibio sin notat 2015/12 sette verdiskapinga frå jordbruket bruket i Hordaland for 2013 til 797 millionar kroner. Fordelinga mellom dei ulike næringsgreinene viser at kumjølkk står for 357,8 millionar (44,9 %) av denne verdiskapinga, sauehald for 215,6 millionar (27,0 %) og frukkt og bær for 82,2 millar (10,3 %).



Nibio sitt notat 2015/13 sette verdiskapinga frå jordbruket i Sogn og Fjordane for 2013 til 885 millionar kroner. Fordelinga mellom dei ulike næringsgreinene viser at kumjølkk står for 510,5 millionar (58 %) av denne verdiskapinga, sauehaldet for 196,8 millionar (22 %) og frukkt og bær for 69,3 millionar (8 %).

4. Regionalt miljøprogram (RMP)

Nasjonale føringar

I Prop. 141 S (2016-2017), kap 7.3.4 vert dei regionale miljøprogramma (RMP) omtala som følgjer: «De regionale miljøprogrammene skal gi en målretting av miljøinnsatsen i jordbruket ut over det som er mulig gjennom generelle nasjonale ordninger. Programmene skal fremme særskilte miljømål for jordbruket: Redusere forurensning til vann og luft, ivareta kulturlandskap og kulturminner, tilrettelegge for friluftsliv og ivareta biologisk mangfold.» Vidare går det fram at RMP skal rullerast og ny programperiode vil gjelde 2019-2022.

Rapportane *Forenkling av jordbruksavtalen virkemidler* og rapporten *Helhetlig gjennomgang av miljøvirkemidlene i jordbrukspolitikken* konkluderte med at RMP verkar som føresett, men at det er rom for betre målretting og for forenklingar.

Ved utarbeiding av eit nytt regionalt miljøprogram har staten og faglaga lagt desse føringane gjennom jordbruksoppgjæret i 2018:

- Miljøprogrammet skal beskrive miljøutfordringane i fylket, og på bakgrunn av desse skal det gjerast prioriteringar av korleis dette skal følgast opp med tiltak.
- Miljøprogrammet skal gje føringar for prioriteringar i dei kommunale tiltaksstrategiane for bruk av SMIL-midlar.
- Det skal etablerast ordningar som bidreg til redusert utslepp til luft.
- Det vert føresett at tiltaket «miljøvenleg spreiding av husdyrgjødsel med bruk av nedlegging eller nedfelling vert innlemma i alle dei regionale miljøprogramma.
- Tiltak som bidrar til oppfølging av vassforvaltningsplanane vert prioritert gjennom dei regionale miljøprogramma, der utfordringa med vassmiljø tilseier det.
- Ramma for tilskot til bratt areal vert auka med 50 %
- Alle fylke skal ha ei tilskotsordning på minst kr 50 000 per seter i drift der det er produksjon av ku- eller geitemjølkk for eigen foredling eller levert til meieri

Nasjonalt miljøprogram legg føringar for kva dei regionale miljøprogramma skal fokusere på. Nytt nasjonalt miljøprogram kjem i 2018. Klima skal inn som eit hovudtema under forureiningsområdet i Nasjonalt miljøprogram. Dette må følgjast opp ved revidering av RMP og kommunale tiltaksanalyser som dannar grunnlag for prioritering av SMIL-midlar.

Landbruksdirektoratet har laga ein nasjonal instruks for dei regionale miljøtilskota. Instruksen legg rammene for tilskotsordningane, kva som er nasjonalt bestemt og kva fylkesmannen kan setje av vilkår for tilskota. Dei regionale miljøtilskota er fordelt på desse tema:

- Kulturlandskap
- Biologisk mangfald
- Kulturmiljø og kulturminne
- Friluftsliv og tilgjengelegheit
- Avrenning til vassdrag og kyst

- Utslepp til luft
- Plantevern

Den nasjonale instruksen inneheld ei fullstendig liste over moglege tilskotsordningar som inngår i RMP og set vilkår for kvar tilskotsordning. Fylka vel dei tilskotsordningane som gjer at miljøsatsinga i fylket blir målretta og funksjonell. Vidare avgjer fylka kva områder eller areal tiltaka skal gjelde, nedre og øvre grense for tiltaka, beitetrykk/beitetidspunkt/beitelengde og eventuelt krav om skjøtselsplan. Kvar fylke skal ha ein eigen forskrift for dei regionale miljøtilskota.

Hovudmål

Miljøprogrammet skal stimulere til eit ope og variert kulturlandskap. Særskilte verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast, god agronomi skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast.

Delmål

I programperioden 2019-2022 skal RMP for Hordaland og Sogn og Fjordane jobbe med desse måla:

1. Eit ope og velstelt kulturlandskap
2. Bratt jordbruksareal i aktiv drift
3. God utnytting av utmarksbeite og aktiv stølsdrift
4. Utvalde biologiske og kulturhistoriske verdiar i landskapet blir tatt vare på og skjøtta
5. Landbruket er klimavenleg og har lite tap av næringsstoff og klimagassar til luft
6. Eit landbruk som er tilpassa eit endra klima (vert omtala i RNP)
7. Minst mogleg tap av næringsstoff til vassdrag

Strategiar

Med bakgrunn i miljøutfordringane er det vald følgjande strategiar:

1. Stimulere til eit ope og velstelt kulturlandskap gjennom drift av areala til matproduksjon og skjøtselstiltak
2. Styrke aktiv bruk av det bratte jordbruksarealet
3. Styrke aktiv stølsdrift og bruk av beiteressursane
4. Styrke målrettinga av verkemiddel for skjøtsel og ivaretaking av eit utval verdifulle element i kulturlandskapet
5. Oppretthalde og stimulere til næringsutvikling i kulturlandskapet
6. Bidra til eit kulturlandskap som er tilgjengeleg og trygt for både folk og beitedyr
7. Redusere utslepp av klimagassar frå jordbruket
8. Redusere forureining og avrenning frå jordbruket
9. Styrke kunnskap om klimagassutslepp, ureining, agronomi og kulturlandskap i næringa, og styrke og utvikle fagmiljøa i næringa innan desse tema.

Dei ulike tilskotsordningane i RMP vil gå inn under dei strategiane der dei høyrer heime. Tilskot blir såleis ein del av kvar strategi, ikkje ein einskild strategi i seg sjølv.

Delmål "Slik vil vi ha det"	Strategiar "Slik gjer vi det"	Tilskotsordningar "Slik kan vi måle det"
1. Eit ope og velstelt kulturlandskap	<p>- Stimulere til eit ope og velstelt kulturlandskap gjennom drift av areala til matproduksjon og skjøtselstiltak</p> <p>Styrke kunnskap om agronomi og kulturlandskap i næringa, og styrke og utvikle fagmiljøa i næringa innan desse tema.</p>	<p>Nasjonale tilskot</p> <ul style="list-style-type: none"> - Areal- og kulturlandskapstilskot - Tilskot til dyr på beite <p>Regionale tilskot</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bratt areal - Beitelag - Stølsdrift - Styvingstre - Veglause gardar - Slåttemark - Beiting av kystlynghei - Brenning av kystlynghei - Truga naturtypar <p>Andre tilskot</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utvalde kulturlandskap - SMIL
2. Bratt jordbruksareal i aktiv drift	Styrke aktiv bruk av det bratte jordbruksarealet	Tilskot til drift av bratt areal
3. God utnytting av utmarksbeite og aktiv stølsdrift	Styrke aktiv stølsdrift og bruk av beiteressursane	<p>Tilskot til drift av beitelag</p> <p>Tilskot til drift av seter med mjølkeproduksjon</p>
4. Utvalde biologiske og kulturhistoriske verdiar i landskapet blir tatt vare på og skjøtta	<p>Styrke målrettinga av verkemiddel for skjøtsel og ivaretaking av eit utval verdifulle element i kulturlandskapet</p> <p>Bidra til eit kulturlandskap som er tilgjengeleg og trygt for både folk og beitedyr</p> <p>Oppretthalde og stimulere til næringsutvikling i kulturlandskapet</p>	<p>Tilskot til slått av verdifulle jordbruksareal (veglause gardar)</p> <p>Tilskot til slått av verdifull slåttemark</p> <p>Tilskot til beiting av kystlynghei</p> <p>Tilskot til brenning av kystlynghei</p> <p>Tilskot til skjøtsel av truga naturtype</p> <p>Tilskot til skjøtsel av styvingstre</p> <p>Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne</p>

<p>5. Landbruket er klimavenleg og har lite tap av næringsstoff og klimagassar til luft</p>	<p>Redusere utslepp av klimagassar frå jordbruket</p> <p>Styrke kunnskap om klimagassutslepp, ureining og agronomi i næringa, og styrke og utvikle fagmiljøa i næringa innan desse tema</p>	<p>Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel med tilførselsslanga</p> <p>Tilskot til nedfelling eller nedlegging ved spreieing av husdyrgjødsel</p>
<p>6. Eit landbruk som er tilpassa eit endra klima</p>		
<p>7. Minst mogleg tap av næringsstoff til vassdrag</p>	<p>Redusere forureining og avrenning frå jordbruket</p> <p>Styrke kunnskap om ureining i næringa, og styrke og utvikle fagmiljøa i næringa innan desse tema.</p>	<p>Tilskot til ugjødsla kantsone i eng</p> <p>Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel om våren og eller i vekstsesongen</p>

5. Regionalt skog- og klimaprogram (RSK)

Nasjonale føringar

Regionalt skog- og klimaprogram skal omfatte ordningane for tilskot til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer, jf. forskrift nr. 449 av 4. februar 2004 om tilskot til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer, og tilskot til skogsvegbygging og til drift med taubane og hest, jf. forskrift nr. 447 av 4. februar 2004 om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Programmet bør innehalde ein kortfatta omtale av status og regionale utfordringar på disse områda og korleis verkemidla skal prioriterast. Programmet skal bygge opp under eit aktivt og berekraftig skogbruk, for auka verdiskaping og klimabidrag, slik det går fram av Meld. St. 6 (2016-2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring*.


Hovudmål

Skog og klimaprogrammet skal leggje til rette for miljøvenleg berekraftig skogbruk med auka lønnsemd for skogeigarane og verdiskaping for samfunnet. Tiltaka må vere tilpassa klimaendringar og bidra til å løyse klimautfordringa.

Delmål

5.1 Rådgjeving og kompetanse

Grunnlaget for dagens skogbruk i fylket er skogreisinga, som starta rundt 1950. Samanlagt er det planta over 800 000 dekar, noko som representerer eit produksjonspotensiale på 40 - 50 millionar kubikkmeter eller 800 000 m³ årleg. Historisk plantetalstatistikk frå skogselskapa sine årsmeldingar syner intensiteten i skogplantinga. Ved å framskrive denne statistikken får vi ein grov peikepinn på avverkingsnivåa framover.




Kvantumsprognose hogstmogen granskog i Hordaland og Sogn og Fjordane som bygger på framskrivning av statistikk for planta gran

For å ta ut denne verdien har vi funne fram til desse delmåla under rådgjeving og kompetanse:

Delmål "Slik vil vi ha det"	Strategiar "Slik gjer vi det"	Målindikatorar "Slik kan vi måle det"
Auka skogfagleg kunnskap hjå skogeigarane og kommunane	Auka rådgjeving til skogeigarar og kommunar	Dialogmøte med alle kommunane innan 2022 Arrangere to fagsamlingar kvart år for kommunane og næringa Utarbeida eit informasjonsopplegg om skogbruk til bruk på skogdagar og skogkveldar
	Stimulere til skogeigarsamarbeid	Fire regionale vegplanleggarar/skogpådrivarar i fylket
	Bidra til nye og oppdaterte skogbruksplanar	Revidert Hovudplan for Vestland fylke Utarbeida mal for ein kombinert områdeveg-, skogbruks- og driftsplanar
	Stimulere til relevante forskingsprosjekt	Minst to forskingsprosjekt om skogbruk relevant til Vestlandet
	Bidra til meir kompetanse om skog som førebyggjande element mot naturskade, både regionalt og nasjonalt	Nye retningslinjer for vernskog

5.2 Infrastruktur

Topografien, teigstrukturen og eit skogbruk under oppbygging gjer at Vestlandet har ein krevjande og til dels manglande infrastruktur for tømmer. Figuren viser kilometer skogsveg som er bygd i Hordaland og Sogn og Fjordane 1991-2017.



Figur 1. Skogsbilvegbygginga i dei to fylka sidan 1991. Ombygde vegar for begge fylka med grå farge nedst. Kjelde Fylkesmannen


For å hauste skogen er det sett opp desse måla for å betre infrastrukturen:

Delmål "Slik vil vi ha det"	Strategiar "Slik gjer vi det"	Måloindikatorar "Slik kan vi måle det"
Sikre god infrastruktur for skogbruket	Lokalisere og prioritere viktige område for planlegging av skogsveggar, inkl. ei vurdering av eventuelle "flaskehalsar", jf. Hovudplan skogsveggar.	Hovudplan skogsveg i alle skogkommunar Områdeplanlegging, inklusive skogeigarmøter, i minst 40 område Flaskehalsanalysar for minst 20 kommunar
	Utarbeide overordna retningsliner for tilskot til skogsvegbygging og drift som del av årlege RBU Handlingsplan Gje tilskot til bygging av nye skogsveggar	Minimum bygging av 30 km skogsveggar kvart år Fordele tilskotsmidlane i tråd med retningslinene

	Stimulere til studentkurs i vegplanlegging	Årleg
	Bidra til godt vedlikehald av skogsvegane	Vedlikehaldskontroll av alle skogsvegar som har fått statstilskot

5.3 Framtidsskogen

Areal som blir hogd skal plantast til med ny skog. Vi ser i dag at det er eit stort gap mellom areal som blir hogd og det arealet som blir planta til. Ei undersøking utført av fylkesmannen i Sogn og Fjordane i 2017 viste at kring 50 % av arealet ikkje vart planta til etter hogst.



Figur 2. I ei undersøking frå 2017 fann Fylkesmannen i Sogn og Fjordane at 50% av areala der det hadde vore hogst ikkje var planta til. Fylkesmannen. Grøn er areal som er planta til og raud er areal som ikkje planta til.

For å sikre at skogen gjev ei langsiktig avkastning er det sett opp desse måla:

Delmål "Slik vil vi ha det"	Strategiar "Slik gjer vi det"	Målordikatorar "Slik kan vi måle det"
Sikre etablering av ny skog	Stimulere til informasjonsflyt mellom skogeigarane og forvaltinga om planlagde skogbrukstiltak Sikre planting etter hogst Nytte meir av det produktive skogarealet	Vidareutvikle månadsvis oversyn over hogd skog, til bruk for kommunane i deira kontakt med skogeigarane Oppfølging av alle kommunane til å utføre dei pålagte kontrolloppgåvene Utarbeide informasjonsmaterieill om karbonbinding i skog og planting på nye areal

	Fremme meir bruk av lukka hogstformer	Arrangere to fagdagar kvart år med skogsentreprenørar. Fagleg og finansiell stønad til fem lukka hogstformer
--	---------------------------------------	---

5.4 Bruk av trevirke

Trelast og trevareindustrien i Vestland fylke består i følgje SSB av 180 verksemder og sysselset 1300 personar. Møbelindustrien består av 175 verksemder og sysselset 800 personar. I 2016 var verdiskapinga i trelast- og trevareindustrien i dei to fylka i overkant av 600 millionar kroner og for møbelindustrien 500 millionar kroner.

Moelven Granvin Bruk AS er det einaste industrisagbruket på Vestlandet og omset for 100 millionar kroner i året. Sagbruket produserer 40 000 m³ trelast årleg og kjøper vel 80 000 m³ tømmer. 80% av produksjonen vert vidareforedla på eige høvleri og resten blir selt som skurlast.

Tømmerhogsten i Vestland er i dag vesentleg høgare enn sagbrukskapasiteten og det er difor eit stort rom for nyetableringar og vekst i foredlingsleddet.

For å auke foredling og bruk av tre har vi sett opp desse måla:

Delmål "Slik vil vi ha det"	Strategiar "Slik gjer vi det"	Målindikatorar "Slik kan vi måle det"
Meir bruk og omsetning av trevirke frå vår region	Stimulere til meir produktutvikling i trebearbeidande verksemder Bidra til større samarbeid i heile verdikjeda skog-tre Bidra til at offentlege utbyggjarar vel meir bruk av tre.	Kartleggje eksisterande trebearbeidande verksemder Følgje opp med eit nytt tresatsingsprosjekt og tilsette ny tredrivar for det nye fylket

6. Regionalt næringsprogram (RNP)

Nasjonale føringar

Regionalt næringsprogram (RNP) skal gje ein strategisk retning for det regionale arbeidet med næringsutvikling i landbruket, synleggjere handlingsrommet og bidra i det samla arbeidet for næringsutvikling i regionen. Programmet skal løfte fram potensiale for utvikling både innan tradisjonelt landbruk og andre landbruksbaserte næringer.

Denne planen skal følgje opp nasjonal politikk gjennom regionale planar og forvaltning av verkemiddel for å fremje landbruksbasert næringsutvikling. Arbeidet legg til grunn sentrale landbrukspolitiske dokument og årlege jordbruksoppgjjer, meldingar til Stortinget og relevante strategiar. Desse meldingane og strategiane med tilhøyrande innstillingar frå næringskomiteen er særleg relevante for arbeidet:

- Melding til Stortinget nr 11 (2016-2017) *Endring og utvikling. En fremtidsrettet jordbruksproduksjon*
- Melding til Stortinget nr 31 (2014-2015) *Garden som ressurs – marknaden som mål*
- Regjeringa sin bioøkonomistrategi. *Kjente ressursar - uante muligheter. 2016*
- *Opplevelingar for ein kvar smak. Strategi for reiseliv basert på landbruket og reindrifta sine ressursar. 2017*
- Nasjonal strategi for økologisk jordbruk. 2018

Gjennom dei årlege jordbruksforhandlingane vert det gitt føringar for dei statlege verkemidla. Desse føringane vert tatt inn ved at partnerskapen lagar ein handlingsplan som vert revidert årleg. Jordbruksoppgjjeret 2018 gav desse føringane som særleg gjeld Innovasjon Norge sin forvaltning av midlar til investeringar og bedriftsutvikling (IBU):

- Frukt- og grøntnæringa skal særleg prioriterast
- Små og mellomstore bruk skal prioriterast ved tildeling av investeringsstøtte. Innan mjølkeproduksjonen er det særleg trong for fornying av fjøs med 15-30 kyr
- Det vert gitt tilskot til bygging av gjødsellager med lagerkapasitet for 10-12 månader
- Vurdering av lønnsemd skal ta omsyn til det samla næringsgrunnlaget på bruket

Regionale plandokument

Fylkeskommunane har eigne planar på landbruksområdet:

- Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022
- Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane – tema landbruk 2016-2025

Denne planen byggjer vidare på førre utgåve av Regionalt næringsprogram som var gjeldande for perioden 2013-2018.

6.1 Utfordringar

Hagebruket

Vestlandet er stor på frukt og bær der Hordaland har mest eple og plommer, medan Sogn og Fjordane er store på bringebær og morellar. Det er marknad for meir frukt og med avgrensa areal må

avlingane per dekar aukast. For å sikre ein effektiv logistikk treng vi stor pakkekapasitet med automatisk sortering av frukta. Det er overproduksjon av bringebær til industri, men det er framleis marknad for meir bringebær og jordbær til konsum, og for andre bærvekstar. Mykje av dette må plantast med dekke og styrast mot ein lengre sesong med ferske norske bær. Grøntnæringa har hovudproduksjonen i Lærdal og har fått eit godt feste i marknaden med eiga merkevare. Hovudprodukta er potet, gulrot og andre grønsaker. Hagebruket i Vestland har ein stor nærmarknad med rom for lokale merkevarer.

Graf på utvikling av produksjonen

Grovfôrproduksjonen

Gras er den dominerande jordbruksveksten i vårt fylke, og vi treng meir av denne fôrveksten til husdyra. Rett haustetid og god ensilering er avgjerande for å sikre jamn og god kvalitet. Planteproduksjonen er avhengig av sol og vatn, og eit endra klima gjer større variasjonar mellom år. For å møte desse utfordringane vert det arbeidd med å finne robuste grasartar, ta i bruk nytt utstyr for gjødselspreiing og utvikle lette robotar som kan hauste graset. Slik automatisering kan og tenkast å gjere tidlegare utrasjonaliserte areal lønsame igjen.

Grovfôrbasert husdyrhald

Vestland har mykje storfe, sau og geit. Det er forbod mot å halde storfe på bås etter 2034, og i dag er under 50 % av mjølkekyrne i lausdrift. Det krev omstilling og store investeringar for å tilpasse drifta til det nye regelverket. Marknaden er i dag dekke for dei fleste produkta. Utfordringa er å få fornya driftsapparatet og finne fram til kostnadsreducerande tiltak både ved fornying og i den daglege drifta.

Kraftfôrbasert husdyrhald

For Vestland gjeld dette svinehald og eggproduksjon. Marknaden er dekkja for begge desse produksjonane og det vert ikkje gitt støtte til at nye kan starte opp. Det vil vere kontinuerleg trong for fornying av driftsapparatet for å sikrar dyrevelferd og eit godt arbeidsmiljø. Mange legg no om til frittgåande høner for å dekke etterspørselen etter slike egg

Økologisk landbruk

Vestland har eit bra volum av økologisk frukt og økologisk lammekjøtt, men for mykje av dei økologiske råvarene vert seld som konvensjonelle varer. Det er trong for auka avlingar både per dekar og totalt. Ein større del må foreldast og omsettast lokalt.

Inn på tunet, lokal mat og reiseliv

Kommunane er den viktigaste kjøpar av tenester, men har lite kunnskap om Inn på tunet, i tillegg til at dei oftast berre inngår kortvarige avtalar om kjøp. Det er mange godkjente bedrifter, men nettverk og utvikling er i stor grad basert på nokre eldsjeler. Lokal mat er i vekst, men det er utfordringar med distribusjon og lønsemd. Framvekst av nye former for nettverkssal, som Rekoringar, gjer lågare terskel for direkteomsetning frå garden, og ikkje minst kan potensiale for omsetnad av råvarer vere stor. Mjølkeforedling og utbod av lokal ost har eit stort potensiale. Reiselivsbedrifter som satsar på lokal mat er i vekst og det er potensiale for vidare vekst. Gardsbaserte bedrifter har ofte trong for meir kunnskap om bedriftsleiing og marknad.

Urbant landbruk og urban marknad

Det er ei auka interesse for å lære å dyrke sin eigen mat og lære korleis dei ulike råvarene kan brukast. Andelslandbruk, parsellhagar, besøkgardar og gardsbasert reiseliv er gode arenaer for å gje kunnskap og innsikt om matproduksjonen. Restaurantmarknaden er ein viktig inngangsport til den urbane marknaden. Spesialforretningar er også interessante, men dei har det etter kvart vorte få av. Forskjellige typar nett- og nettverkssal kan fylle denne rolla framover.

6.2 Hovudmål

Auka lokal verdiskaping med attraktive arbeidsplassar

6.3 Delmål, strategiar og indikatorar

6.3.1 Rekruttering og omdømme

Landbruket er ein viktig del av vestnorsk næringsliv og vestnorsk kultur og har sett sitt preg på landskapet og folket gjennom generasjonar og gjev store ringverknader. Landbruket er i kontinuerleg endring med store krav til omstilling og effektivisering, og det er viktig at næringsutøvarane har den beste tilgjengelege kunnskapen. Tidlegare var matproduksjon ein allmennkunnskap, men i dag er det få som har den kunnskapen som trengst for å produsere mat. Det er trong for å knyte nye band mellom den urbane befolkninga og bygdeverdiar knytt til matproduksjon og landskap. Dette kan skje gjennom utdanningstilbod, historieskildring, opplevingar og felles arenaer som arrangement og direktesal der matprodusentar møter kundane.

Delmål «Slik vil vi ha det»	Strategiar «Slik gjer vi det»	Aktuelle måleindikatorar «effekt mål»
Positivt omdømme og auka rekruttering til landbruket	<ul style="list-style-type: none">A. Medverke til god fagutdanning for ungdom og vaksne, og synleggjere moglegheiter, utdanningsløp og karrierevegar knytt til landbruketB. Medverke til god fagleg rådgjeving og fadderordning til dei som skal utvikle eller ta over gardsbrukC. Medverke til faglege møteplassar innan ulike produksjonarD. Formidle god dyrevelferd og landbruket sin klima- og miljøinnsatE. Samarbeid mellom landbruk og FoU-miljø mellom anna med masteroppgåver, teknologiutvikling og digitaliseringF. Stimulere til internasjonalt, næringsretta samarbeid og erfaringsutveksling	PT-mottakarar Deltaking på fagsamlingar Tal elevar på vgs naturbruk Tal elevar på vaksenagronomen og vaksengartnar Tal andelslandbruk Tal 4H-gardar Tal studentar på NMBU frå Vestland

	G. Bidra til utvikling av 4H-gardar, parsellhagar og andelslandbruk H. Leggje til rette for urbane landbruksaktivitetar I. Auke kompetanse i entreprenørskap, bedriftsleiing og marknad for bedriftene	
--	--	--

6.3.2 Frukt, bær og grønt

Vestland er ein stor aktør på norsk frukt, bær og grønt. Samla står vi for kring 75 % av dei norske morellane, 70 % av dei norske bringebæra, 60 % av dei norske plommene og 45 % av dei norsk epla. Marknaden for konsum er framleis i vekst, og vi må produsere mest av dei produkta som gjev høgast pris og størst fortjeneste til bonden. Sesongen for norsk frukt og bær bør forlengast gjennom val av sortar og bruk av tak/tunellar i hagane. Nye former for direktesal aukar dei kommersielle moglegheitene, utan at det treng medføre så mykje meirarbeid for produsentane. Dette kan og gje meir mangfald i sesong, sortar og varegrupper.

Delmål «Slik vil vi ha det»	Strategiar «Slik gjer vi det»	Aktuelle måleindikatorar
Marknadstilpassa auke i volum og omsetningsverdi av frukt, bær og grønt	A. Mobilisere for auka planting, høgare avling per dekar, nye produksjonssystem, betre arrondering og bruk av ny teknologi B. Auke produksjonen og omsetnaden av økologisk frukt og grønt C. Hente ut meirverdi i særskilte kvalitetar/sortar, lengre salsesong og foredla vare D. Utnytte potensialet i lokale/regionale verdikjedar og direktesal E. Samordne arbeidet og initiere FoU gjennom Programstyret frukt og bær Vestland F. Vere dyktigast i Norge på nokre utvalde produksjonar med potensiale for store volum G. Styrke miljøet innan grønsaker og potet med sikte på å kunne auke marknadsdelen	Areal Volum Arealeffektivitet Omsetningsverdi Lokale merkevare FoU-prosjekt

6.3.3 Grovfôrproduksjon

Topografi og klima har gjort Vestland til eit grasområde. Auka effektivitet i husdyrhaldet set krav om meir og betre grovfôr med jamnare kvalitet. Dette krev kunnskap. Eit meir varierende klima gjer at jorda må handsamast meir skånsamt, og vi må ta i bruk lettare teknisk utstyr og utvikle robotteknologi. Utmarka er ein viktig fôrressurs, og husdyrgjødsel ein ressurs som skal gje god plantevekst og minimalt med ureining til vassdrag. Eigedomsstrukturen, med stor grad av leigejord, er ei særleg utfordring for investering og profesjonalisering i fôrproduksjonen.

Delmål «Slik vil vi ha det»	Strategiar «Slik gjer vi det»	Aktuelle måleindikatorar
Auka grovfôrproduksjon tilpassa eit endra klima	<ul style="list-style-type: none"> A. Auke avlingar og betre fôrkvaliteten B. Fremme betring av fysisk jordkvalitet C. Auke kunnskap om beitebruk D. Finne fram til teknologi for effektiv drift i eit endra klima E. Stimulere til FoU og rådgjeving på vekstar og driftsopplegg F. Nytte husdyrgjødsel til energiproduksjon G. Samordne arbeidet gjennom Programstyret for grovfôrproduksjon 	<ul style="list-style-type: none"> Dekar grovfôrareal Støtte til grøfting Søknader/areal dreneringstilskot Tal FoU-prosjekt Del forprøvar med god kvalitet Avlingsnivå

6.3.4. Mjølkeproduksjon

Mjølkeproduksjonen er den største næringsgreina med over 50 % av verdiskapinga for landbruket i Vestland. For å stette dei nasjonale krava om lausdrift må det investerast over tre milliardar kroner fram til 2034. Store investeringar set krav om gode rådgjevarar både i planleggingsfasen og etter at det nye fjøset er tatt i bruk. Det er avgjerande at dei som har investert får ein tenleg arbeidsplass og at dei lukkast i driftsfasen. Statleg investeringsstøtte er avgjerande både for prosessane og for gjeldsgraden etter ei investering.

Delmål «Slik vil vi ha det»	Strategiar «Slik gjer vi det»	Aktuelle måleindikatorar
Eit moderne driftsapparat og god kvotefylling i mjølkeproduksjonen	<ul style="list-style-type: none"> A. Mobilisere til fornying av driftsapparatet med ny teknologi B. Sikre god dyrevelferd og dyrehelse gjennom kunnskap, nettverk, bygg, drift og driftsleiing C. Legge til rette for at også mindre bruk kan investere, fornye og utvikle drifta med utgangspunkt i lokale ressursar D. Informere om driftsmessige tilpassingar til regelverk på mjølkekvote og husdyrgjødsel 	<ul style="list-style-type: none"> Kvotefylling Volum mjølk levert Relative del Bruk og volum i lausdrift Tal mjølkebruk Tal byggesaker hos IN, og kvotedel

6.3.5 Kjøttproduksjon

Marknaden for kjøtt er krevjande med stor auke i produksjonen av storfekjøtt og overproduksjon av lammekjøtt og svinekjøtt. Det er framleis rom for meir storfekjøtt, men krava til lausdrift gjer at dette medfører store investeringar og nok beiteareal. Sauehaldet har trong for å fornye driftsapparatet utan at den totale produksjonen vert auka. Dette er grovfôr- og beitebaserte produksjonar, og det er naudsynt at fjøsa er tilpassa arealgrunnlaget og spreidde over heile fylket. Alt husdyrhald krev kunnskap som sikrar at dyrevelferden vert tatt godt i vare. Dette kan ikkje erstattast med teknologi eller GPS-sporing.

Delmål «Slik vil vi ha det»	Strategiar «Slik gjer vi det»	Aktuelle måleindikatorar
Marknadstilpassa utvikling av kjøtproduksjonen med moderne produksjonsapparat og driftsopplegg	<ul style="list-style-type: none"> A. Mobilisere til marknadstilpassa produksjonsauke av storfekjøtt B. Stimulere til utvikling i sauehaldet ved auka beitebruk, fornying av driftsapparatet og produkt- og marknadsutvikling C. Legge til rette for variasjon i storleik og driftsformer og innrette investeringsmidlane slik at også mindre bruk kan investere, fornye og utvikle drifta med utgangspunkt i lokale ressursar D. Sikre god dyrevelferd og dyrehelse gjennom kunnskap, bygg, drift og driftsleiing E. Arbeide for auka produksjon og omsetnad av økologisk kjøtt 	<ul style="list-style-type: none"> Volum av kjøtt Relativ andel Tal føretak Tal mordyr Tal saker hos IN

6.3.6 Inn på tunet

Inn på tunet (IPT) er eit nasjonalt satsingsområdet, der fleire departement er involverte. Dei fleste kjøpargruppene er offentlege, og bruk av garden sine ressursar syner seg å gje gode resultat som supplerande velferdstilbod. Med auka press på offentleg tenestetilbod og behov for meir førebyggjande og individtilpassa tenester, er det rom for fleire tilbydarar. Vestland vil prioriterer tenester innan demens, skule og rus/psykiatri, og eit nettverk mellom bedrifter som gjev dette tilbodet.

Delmål «Slik vil vi ha det»	Strategiar «Slik gjer vi det»	Aktuelle måleindikatorar
Auka tilbod og lønsemd	<ul style="list-style-type: none"> A. Prioritere Inn på tunet-områda demens, skule, og psykiatri/rus B. Byggje opp kompetanse om Inn på tunet i kommunar, NAV og andre kjøpargrupper C. Stimulere til nettverksbygging og kompetansesamarbeid D. Auke kompetanse i entreprenørskap, bedriftsleiing og marknad for bedriftene 	<ul style="list-style-type: none"> Tal godkjende IPT-bedrifter Omsetnad Tal Inn på tunet-tilbod Tal kommunar som nyttar IPT

6.3.7 Lokal mat, drikke og landbruksbasert reiseliv

Vestland har over 200 bedrifter som driv med lokal mat, drikke og landbruksbasert reiseliv. Matprodukta er vorte vanlege i daglegvarebutikkane, men det er framleis få reiselivsbedrifter som profilerer seg på å servere mat med lokalt opphav. Det er trong for betre logistikk og fleire bedrifter som kan levere varer heile året. Bedriftene treng både matfagleg og bedriftsfagleg oppfølging.

Delmål «Slik vil vi ha det»	Strategiar «Slik gjer vi det»	Aktuelle måleindikatorar
Auka lønsemd og mangfald i lokal mat, drikke og landbruksbasert reiseliv	<p>A. Bidra til rekruttering, oppfølging og vekst hos produsentane</p> <p>B. Medverke til gode distribusjonssystem for lokal mat og drikke</p> <p>C. Stimulere serveringsbedrifter til bruk av lokal mat og drikke</p> <p>D. Samarbeide med festivalar og alternative salskanalar</p> <p>E. Bidra til auka kunnskap om og omsetnad av økologisk mat</p> <p>F. Fremme mat som identitetsbygger og bidra til formidling av lokal og regional matkultur</p> <p>G. Følge opp og nytte nasjonale og internasjonale arrangement, nettverk og samarbeid regionalt; Matnasjonen Norge, UNESCO Matbyen Bergen mfl</p> <p>H. Stimulere til vekst i landbruksbasert reiseliv</p> <p>I. Auke kompetanse i entreprenørskap, bedriftsleiing og marknad hjå produsentane</p>	<p>Tal reiselivsbedrifter med lokalmatprofil</p> <p>Tal produsentar</p> <p>Tal produkt med spesialitetsmerke</p> <p>Tal bedrifter i vekstprogrammet</p> <p>Omsetting</p> <p>Økonomisk resultat</p>

7. Oppfølging

Det regionale bygdeutviklingsprogrammet (RBU) skal ligge fast i fire år. Planen vert følgd opp gjennom ein årleg handlingsplan med tiltak og utmålingsreglar for statlege tilskot. Handlingsplanen skal sikre dialog mellom partane slik at ein vert samde om tiltak for å nå måla i planen.

For kvart delprogram er dette særleg viktig i arbeidet med den årlege handlingsplanen:

- RSK – fastsette overordna retningslinjer nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)
- RMP – fastsette førebelse satsar for tilskotsordningane under regionalt miljøprogram (RMP). Etter kvar søknadsomgang inviterer fylkesmannen faglaga til eit eige møte for å drøfte endelege tilskotssatsar når den samla søknadsmengda er kjend.
- RNP – fastsette strategiske føringar for midlar til investering og bedriftsutvikling (IBU) som vert forvalta av Innovasjon Norge. Fylkesmannen kallar faglaga inn til eit eige møte for å drøfte søknader på midlar til utgreiing og tilrettelegging (UTM)

8. Arbeidsgrupper

Styringsgruppa for regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU)

Styringsgruppa har samordna arbeidet med dei ulike delprogramma under RBU, og har vore samansett slik:

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Christian Rekkedal, (leiar)
- Fylkesmannen i Hordaland, Åse Vaag
- Innovasjon Norge Vestland, Ole Andreas Smette og Rune Fromreide
- Fylkeskommunen i Hordaland og Sogn og Fjordane, Heidi Bjønnes Larsen
- Sogn og Fjordane bondelag, Anders Felde
- Hordaland bondelag, Kjetil Mehl
- Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag, Brit Inger Skaar
- Hordaland bonde- og småbrukarlag, Jarle Helland
- Vestskog, Kjetil Andre Rødland
- KS Sogn og Fjordane, Leidulf Gloppestad
- KS Hordaland, Jostein Ljones

Sekretær: Bjørn-Harald Haugsvær

Referansegruppa for regionalt skog- og klimaprogram (RSK)

Referansegruppa har kome med faglege innspel til arbeidet med RSK og har vore samansett slik:

- Fylkesmannen i Hordaland, Dirk Kohlmann (leiar)
- Vestskog SA, Halvor Brosvik og Vidar Jørdre
- Nortømmer, Jens Manger og Marte Storebø
- Granvin Bruk, Ørjan Kalsaas
- Solberg sag, Pål Solberg
- Stiftelsen bryggen, Bernt Håvard Øyen
- Frivik taubanedrift AS, Torbjørn Frivik
- Sunnfjord skog AS, Martin Braanaas
- Norsk bygdesagforening, Inger Marie Svingeset
- Kommunane i Sogn og Fjordane, Oddbjørn Sellevoll
- Kommunane i Hordaland, Anders Gjøstein
- Sogn og Fjordane bondelag, Ole Ivar Sognnes
- Hordaland bondelag, Bodhild Fjelltveit
- Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag, Brit Inger Skaar
- Hordaland bonde- og småbrukarlag, Jarle Helland
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, Mie Dahl Pind,
- Hordaland fylkeskommune, Heidi Bjønnes Larsen
- Skognæringsforum i Sogn og Fjordane, Merete Larsmon
- Skognæringsforum i Hordaland, Helge Kårstad

Sekretær: Torkel Hofseth og Rune Mikkelsen

Referansegruppa for regionalt miljøprogram (RMP)

Referansegruppa har kome med faglege innspel til arbeidet med RSK og har vore samansett slik:

- Fylkesmannen i Hordaland, Åse Vaag (leiar)

- Sogn og Fjordane Bondelag, Ole Ivar Sognnes
- Hordland bondelag, Kjetil Mehl
- Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag, Brit Inger Skaar
- Hordaland bonde- og småbrukarlag, Jarle Helland
- Kommunane i Sogn og Fjordane, Magnhild Aspevik
- Kommunane i Hordaland, Åse Nøttveit
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, Knut Ivar Åland (kulturminne)
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, Merete Farstad (vassmiljø)
- Hordaland fylkeskommune, Solveig Lohne Rongved (kulturminne)
- Hordland fylkeskommune, Sveinung Klyve (vassmiljø)
- Høgskulen på Vestlandet, Leif Hauge
- Nibio Fureneset, Samson Øpstad
- Norsk Landbruksrådgiving Vest, Åse Leirgulen og Gunnlaug Røthe
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Trude Knagenhjelm (landbruksavdelinga)
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Johannes Anonby (miljøvernavdelinga)
- Fylkesmannen i Hordaland, Øyvind Vatshelle (landbruksavdelinga)
- Fylkesmannen i Hordaland, Solveig Roald (miljøvernavdelinga)

Sekretær: Liv Astrid Norheim Kusslid og Åshild Hjørnevik Vatshelle

Referansegruppa for RNP

Referansegruppa har kome med faglege innspel til arbeidet med RSK og har vore samansett slik:

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Christian Rekkedal (leiar)
- Fylkesmannen i Hordaland, Åse Vaag
- Innovasjon Norge, Ole Andreas Smette
- Sogn og Fjordane bondelag, Anders Felde
- Hordaland bondelag, Kjetil Mehl
- Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag, Brit Inger Skaar
- Hordaland bonde- og småbrukarlag, Jarle Helland
- Tine Rådgiving Sogn og Fjordane, Kjersti Sognnes
- Tine Rådgiving Hordaland, Bjørn Halvor Åsland
- Nortura, Arild Grimeland og Tonje Heggertveit
- Frukt og bærmottaka i Sogn og Fjordane, Henriette Ansok Hatling
- Frukt og bærmottaka i Hardanger, Kjetil Lerfall
- Norsk Landbruksrådgiving Vest, Liv Lyngstad
- Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar, Heidi Bjønnes Larsen

Sekretær: Eirik Brynjelsen og Bjørn-Harald Haugsvær